

Vik skule og barnehage  
 5568 Vikebygd  
 Tlf. Skule: 53655730  
 Barnehage: 53655739  
 Dato: 05.02.14



## **5-dagars skuleveke for alle trinn**

### **I kommunestyremøtet 17.12.2013 blei dette vedtaket gjort:**

KS-077/13 VEDTAK:

1. Vindafjord kommune innfører 5-dagars skuleveke for alle trinn frå og med skuleåret 2014 - 2015.
2. Det er ein føresetnad at skulane organiserer skuledagane slik at skyssbehovet vert halde innafor Fylkeskommunen sine grenser for midtskyss. Onsdag blir felles kort dag ved alle barneskulane, og lærarane har bunden arbeidstid til kl.15:30 denne dagen.
3. Meirkostnaden for hausten 2014 skal dekkast innanfor rammeområdet. Framtidige årlege meirutgifter vert tatt med i utarbeiding for budsjett 2015.

## **TIMEFORDELING FOR VIK SKULE**

Etter å ha pusla og rekna på rammetimar har me kome fram til forslaga nedanfor for vår skule. Me vil gjerne ha 3 korte dagar i veka for 1.-4. trinn.

- 1.-4. klasse - 25 undervisningstimar i veka. (45 min. timar)
- 5.-7. klasse - 27 undervisningstimar i veka. (45 min. timar) + 40 min. fysisk aktivitet pr. veke.

### **Skuledagen blir slik:**

Måndag	kl. 08.15 – 13.00	5 skuletimar for alle trinn	5.-7. klasse fysisk aktivitet 12.00-12.15
Tysdag	kl. 08.15 – 13.45	6 skuletimar for alle trinn	
Onsdag	kl. 08.15 – 12.15	4 skuletimar for alle trinn	5.-7. klasse fysisk aktivitet 09.45- 10.10
Torsdag	kl. 08.15 – 13.45	6 skuletimar for alle trinn	
Fredag	kl. 08.15 – 12.00	4 skuletimar for 1.-4. trinn	Denne dagen blir det ved behov skyss både kl. 12.00 og kl. 13.45.
Fredag	kl. 08.15 – 13.45	6 skuletimar for 5.-7. trinn	

- For å få nok timar i heile skuleløpet må 3. og 4. trinn ha 5.-7. klasse sin plan og gå heil fredag i skuleåra 14/15 og 15/16.
- Dei som nå går i 3. klasse har hatt 23 t/veka i to år og 27 t/veka i eit år. Dei må ha 27 t/veka også i 4. klasse.
- Dei som nå går i 2. klasse har hatt 23 t/veka i to år. Dei får då 27 t/veka i 3. og 4. klasse.
- Dei som nå går i 1. klasse har 23 t/veka i år og får 25 t/veka neste år. Dei får 27 t/veka i 3. klasse og 25 t/veka i 4. klasse.

Både FAU og personalet ved skulen er samde om at me går inn for denne timefordelinga.